

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	18.5.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Olav Grønsberg, Bente Steine, Osvald Turlid.

Vara-medlemar Ingen

Andre Øystein Flaget, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
20/10, 21/10, 22/10, 23/10, 24/10, 25/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 20/10. Referat og meldingar

Desse meldingssakene vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 14. april
- 2) Hjortejakta i Nordheimsdalen, jaktfelt 1 - resultat av trekning
- 3) Vedtak om fellingskvote for rein på Hardangervidda
- 4) Vedtak om fellingskvote for rein i Nordfjella
- 5) Statskog SF: Tilsegn om tilskot til oppsyn i statsallmenning for 2010
- 6) Statskog SF: Årsrapport 2009
- 7) Avtale med Norsk villreinsenter Sør om arealbruksregistrering i Nordfjella villreinområde
- 8) Ny, oppdatert versjon av Offentleglova – skal setjast inn i fjellstyrepermen
- 9) NFS/Statskog SF: Høyring om endring av ikrafttredingstidspunkt for einskilde fjellstyrevedtak (fjellstyret har ingen merknader til forslaget).
- 10) Politiet i Sogn og Fjordane: Innvilga søknad om fornya politimynde for fjellopsynet til Aurland fjellstyre
- 11) Påmelde til NFS sitt landsmøte på Oppdal 10.-11. juni er Per Dale, Bente Steine, Reidun Bøe Bjørgum og Håkon Øydvin.
- 12) Sesongoppsynet har starta opp for sesongen

Aurland, den 19.5.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 21/10. Revisjon av forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning, del 1-3

Eit revidert utkast låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godkjenner kapittel 1-3 i det føreliggjande utkastet til forvaltingsplan for Aurland statsallmenning, med følgjande endringar/tillegg:

- I kap. 1.6. "Villrein" vert det teke inn eit avsnitt om samjaktavtalar.
- I kap. 3.6. om aktuelle samarbeidsområde vert det teke inn eit punkt om samarbeidet med skulane i kommunen om fiskedagar for elevane.

Sak 22/10. Prisar på fellingsløyva for rein

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret vedtek følgjande prisar på fellingsløyve for villrein:

Fritt dyr:	kr. 1200,-
Simle/ungdyr:	" 700,-
Kalv:	" 500,-

Dersom det vert selt kort til utanbygdsbuande, vert prisen sett til det dobbelte av dette. Bladet "Villreinen" vert delt ut til alle som kjøper fellingsløyve. Jegerane vert ikkje belasta med fellingsavgift eller forvaltingsavgift - desse avgiftene vert dekte av fjellstyret.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 23/10. Bruk av skogsbilveg på Frønningen - forslag frå Vilhelm Rumohr

Det låg føre saksutgreiing med kopi av brev frå Vilhelm Rumohr.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret har ikkje høve til å avgje fellingsløyve for hjort som vederlag for bruk av skogsbilvegen frå Lyngsetvegaskilet til Kristenkamben. Dette vert i strid med offentleg regelverk og med fjellstyret sine egne retningsliner for hjortejakta. Fjellstyret tek elles gjerne avtalen frå 1991 om bruk av denne vegen opp til revisjon, men ynskjer primært å halda på hovudprinsippa i denne. Fjellstyret kan og vera med på eit samarbeid om elgforvaltinga over kommune- og valdgrensa, med tanke på driftsplan, valdorganisering o.a.

Sak 24/10. Underteikning av av intensjonsavtale for "Campus Aurland – grønt kompetansenettverk"

Saksutgreiing med avtaleutkast låg føre.

Handsaming i fjellstyret:

Fjellstyret vil slutta seg til nettverket, men ynskjer å presisera at ein eventuell kostnad for fjellstyret må finna plass innanfor dei aktuelle budsjettpostane i fjellstyrebudsjettet (informasjonstiltak/kontorutgifter). Fjellstyret vil etter eitt år ta spørsmålet om vidare medlemskap opp til vurdering.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret sluttar seg til nettverket "Campus Aurland - grønt kompetansenettverk" med den ordlyden som ligg i avtalen no, men ynskjer å presisera at ein eventuell kostnad for fjellstyret må finna plass innanfor dei aktuelle budsjettpostane i fjellstyrebudsjettet (informasjonstiltak/kontorutgifter). Fjellstyret vil etter eitt år ta spørsmålet om vidare medlemskap opp til vurdering.

Aurland, den 19.5.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Vilhelm Rumohr,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 25/10. Godkjenning av ny logo for fjellstyret

Logoutkast låg føre, laga i samsvar med vedtak i sak 17/10.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godkjenner utkastet til ny logo. Mindre justeringar kan gjerast administrativt, i samråd med prenteverket.

Aurland, den 19.5.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek